



Toppen er snart nådd!

Neste søndag, 10. april, er det klart for den tradisjonelle vårskituren via Tveitedalen og til topps på Nåso. Turen har vorte ein klassikar og mange kallar han vårens vakraste eventyr. I fjor var 58 med og Kvinnherad Turlag håpar på enda fleire i år.



Vårens vakreste eventyr? (Foto: Kristian Olav Bringedal)

- Du trenger ikkje å vera kjempespek, berre i normal god turform og van med å ha ski på beina, lyder det beroligande rådet frå Turlaget.

Samstundes minner

turleiinga om at ein ikkje må gløyma skifeller.

Den same leiing reknar med 3,5 timar til topps under normale føretilhøve.

Ein får oppleva ein av dei finaste toppane i kommunen med eit fantastisk panoramautsyn mot hav, fjord, fonn og Haugalandet.

Turen startar ved skihytta Ternebu og går først inn Tveitedalen.

Så går ein opp lia aust for Børsdalen.

Skoggrensen blir passert ved det gamle stølshuset på Dyrrindi der det blir rast. Så går turen opp den bratte, men korte lia bak selet og no er den brattaste delen gjort unna.

Det er meir innbydande skiterrang som ventar vidare mot toppen.

Snøholo ligg halvvegs mot toppen og her blir det ein god rast før ein lang, slakk skråning ventar innover mot toppen. Til høgre ligg Øktaredalstind og ved å kikka utover kanten får ein eit imponerende syn ned mot dei øverste gardane i dalen vår omtrent 900 meter nede.

I slutten av månaden er det ein Nåso-tur til som er ein nykommar på programmet, men den kjem vi attende til.

Av Ola Matti Mathisen